



## Årsmelding 2018 frå arbeidsutvalet i Ørsta idrettslag

### Leiing

Årsmøtet vart halde på klubbhuset 19. mars 2018, og arbeidsutvalet (AU) vart samansett slik:

Leiar:	Erlend Andersen
Nestleiar:	Porshad Hafezi
Økonomileiar:	Per-Bjarne Skarstein
Styremedlem:	Silje I. Raisio
Styremedlem/skrivar:	Ingelin Fagervoll
Vara:	Hjørdis A. Vikenes og Olav Sindre Kriken

AU saman med alle gruppeleiarane har til saman utgjort hovudstyret. For arbeidsåret 2018 var det 7 møter i hovudstyret. Det var ekstraordinært årsmøte i ØIL 3. september og 17. desember.

### Medlemstal/æresmedlemmer

ØIL sine grupper i 2018: Fotball, handball, friidrett, alpin, trim, langrenn, barneidrett, innebandy.

Etter revidering av medlemslister frå 2018 har ein følgjande tal på medlemmer:

Born under 18 år:	880
<u>Vaksne over 18 år:</u>	<u>528</u>
<u>Totalt</u>	<u>1408</u>

Dette er ei auke på om lag 100 medlemmer frå 2017. Medlemstalet har vore nokså stabilt siste åra. ØIL har medlemsregisteret i KlubbAdmin, NIF sin anbefalte løysing for medlemsadministrasjon. NIF har eit mål om at alle medlemmer skal administrere sin eigen medlemskap gjennom MinIdrett.

**Ørsta idrettslag har gjennom åra utnemnt 22 æresmedlemmer.** Desse er:

Oscar Finstad, Harald Dybdal, Leiv Rygh, Hans S. Ose, Rolf Flydal, Ingvald Hatlestad, Kåre Myklebust, Petter Homlong, Syver Hovdenakk, Geir Mo, Jarle Aarseth, Steinar Osborg, Grete Bjørdalsbakke Mo, Dagfinn Nupen, Svein Silseth, Gunnar Knutsen, Stein Aam, Arild Bjørdal, Kari Lundestad Myrøld, Helge Moe, Per Hjelle, Jon Olav Kriken.

### Anlegg

#### **Klubbhuset**

Klubbhuset vart rive oktober 2017, for å gi plass til den nye fleirbrukshallen. Gjennom heile 2018 hadde laget mellombels klubbhus mellom Kiwi-hallen og stadion, i ei brakkeløysing kommunen stilte til disposisjon utan kostnad for oss.

### **Ørsta stadion**

Driftsplan for anlegget vart vedteke i ekstraordinært årsmøte 2013. Eiga anleggsgruppe skal organisere naudsynt vedlikehald. Grasbana treng rehabilitering. Fotballgruppa brukte bana i liten grad i 2018, då den er i for dårleg stand. Det var unormal tørt vår/sommar dette året, og liten grasvekst. Hausten var derimot svært våt. Grasbana held god nok kvalitet for friidrett. Det vart utført reperasjon av gjerde/portar rundt bana.

### **Aurstad arena**

Kunstgraset vart skifta sommaren 2016. I løpet av 2018 fekk fotballgruppa området rundt bana kraftig oppgradert. Karsten Aarseth organiserte arbeidet, og brukte svært mykje tid på anlegget. Det vart lagd ny drenering rundt bana, med eit eigenutvikla system for oppsamling av granulat. Det vart bygd nye murar rundt bana, fundament til tribune vart støypt, og det vart asfaltert mykje. Dette var med god sponning frå K. A. Aurstad AS (som diverre gjekk konkurs like etter). Kommunen var med på å finansiere asfalten.

### **Kombibygget**

Kombinasjonsbygget (lager/tribune/kiosk) mellom stadion og kunstgrasbana var ferdig 2012. I 2016 vart det installert avfuktingsanlegg i bygget, noko som har betra innklimaet. Bygget treng utbetring på utsida, ikkje minst for å stoppe lekkasje. I 2018 vart det lagd inn ny straumforsyning til bygget, den førre kom frå klubbhuset. Kommunen tok denne kostnaden med i hallprosjektet.

### **Kiwi-hallen**

Fotballhallen var ferdig våren 2013. Formelt er det eit eige aksjeselskap (Ørsta fotball AS) som driv hallen. Hallen er ein suksess, med stor aktivitet kvar einaste dag. På dagtid vert hallen brukt av Velle skule. Om vinteren er det leigeinntekter på hallen. Brukarane bør respektere anlegget i større grad, det er for mykje rot i hallen. I mai vart det arrangert dans med Vassendgutane. Dette er eit årleg arrangementet som gir gode inntekter til drift av hallen.

### **Lager/WC ved Kiwi-hallen**

Våren 2016 vart det gamle lageret totalrenovert, og det vart bygd 4 toalett med høg standard. Golvet til Kiwi-hallen er lagra her.

### **Langrenn**

Ved Mosmarka og framover Daleteigane/sætrevegen har langrennsgruppa gjennom fleire år gjort ein formidabel innsats for å opparbeide langrennsløyper og turstiar. Grunnen er i privat eige, noko som krev eit godt samarbeid med grunneigarane. Langrennsgruppa har sett opp lys i store delar av langrennsløypa.

Dei har også løypemaskin og garasje tilknytt dette anlegget.

Langrennsgruppa har også ansvar for langrennsløypene og lysmastene på Bondalseidet.

Mange nyttar løypene, til både trening og trim.

### **Bondalseidet**

På Bondalseidet er ØIL eigar/medeigar i fleire startbuder/tidtakarbuder knytt til alpint og langrenn.

ØIL er medeigar i skisenteret.

Mange foreldre gjer ein enorm dugnadsinnsats for å drifte alpingruppa.

## **Økonomi**

ØIL nyttar XO Rekneskap AS.

Laget prøver å få mest mogleg idrettsaktivitet for pengane. ØIL har i hovudsak bygd sine egne anlegg. Laget har likevel relativt lite lån. Økonomien er stram, men under kontroll. Laget hadde samla utgifter på nær 8 millionar i 2018.

ØIL har låg medlemsavgift, og gruppene held treningsavgifta så låg som mogleg. Vi er rimeleg i regional samanheng, målet er at flest mogleg skal ha høve til å vere med.

Med mange anlegg vert det også store avskrivningar. Rekneskapan viser samla negativt resultat på kr. 638 000 for 2018.

## **Ekstraordinært årsmøte 3. september**

Fotballgruppa har behov for meir speleflate. I det ordinære årsmøtet vart det etablert ei arbeidsgruppe som skulle greie ut ulike alternativ for framtidige anlegg for fotball og friidrett. I det ekstraordinære årsmøtet vart det gjort vedtak om slik prioritering: Ny kunstgrasbane på Mosflata, nærast mogleg våre anlegg. Tribune ved Aurstad arena. Oppgradering grasbana på Ørsta stadion.

Det vart etablert ei prosjektgruppe for å jobbe vidare med anleggsutvikling. Vi klarte ikkje å få til eit møte med kommunen om areal til ny fotballbane i 2018, sjølv etter mange purringar i saka.

## **Ekstraordinært årsmøte 17. desember**

I dette møtet vart ny turngruppe etablert. Dei skal ha fokus på born, med oppstart kort tid etter opning av den nye Ørstahallen.

## **Sportsleg aktivitet/aktivitet i gruppene**

Ørsta idrettslag er særleg god på breiddeidrett. Dei fleste utøvarane er under 15 år. Men det er også gode prestasjonar av ungdom i fleire grupper. Både fotball og handball har t.d. gode junior-lag, friidrett har større ungdomsgruppe enn på mange år.

Fotballgruppa er den klart største gruppa i ØIL, med rundt 550 aktive.

Elles viser vi til gruppene sine egne årsmeldingar som fortel mykje om aktiviteten gjennom året.

## **Ny fleirbrukshall**

Idretten har gjennom idrettsrådet vore sterkt med å forme den nye Ørstahallen. Hallen vart ikkje heilt klar for innflytting i 2018. Laget såg fram til å flytte inn i nye lokale, og samle fleire aktivitetar under same tak. Ørstahallen vil bli eit stort løft for ØIL.

På hausten starta forhandlingane om leigeavtale for våre nye klubblokale i hallen. I dei nye klubblokala får vi meir areal og meir moderne fasilitetar enn det vi hadde i klubbhuset.

## **Sluttord**

ØIL er til for medlemene. Vår visjon er "idrettsglede for alle". Det viktigaste er at utøvarane har det kjekt og er stolte av å representere laget.

ØIL er i stor grad med på å forme lokalsamfunnet og oppvekst-vilkåra for born og unge i sentrum. Det er også mange utanfor laget som nyt godt av våre tilbod; langrenns- og turløypene, anlegga i Holmane, Kiwi-hallen, fjelltrimmen m.m.

Vi takkar fotballgruppa for nok ei svært god 17. mai-gjennomføring i sentrum.

Vi takkar næringslivet som støttar oss gjennom sponsormidlar og gåver.

Vi takkar også kommunen, fylket og idrettskretsen for god støtte og godt samarbeid gjennom året.

Ekstra stor takk til alle foreldre som brukar av fritida si til tillitsverv og dugnadar for laget!

Ørsta, 21. mars 2019.

Ingelin Fagervoll

Erlend Andersen

Silje I. Raisio

Per-Bjarne Skarstein

Porshad Hafezi